Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Skav.

Oppskr. av: Liva Solheim

(adresse): Vikedal

Fylke: Rogaland

Herad: Vikedal

Bygdelag: – " –

Gard:

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

K. Lillemo

SVAR

1. Hjelpefor er samnamnet.

2. Ein kallar det skav eller beit.

3. Å skava böyer me slik:
å skava, skjeve, skov, har skove,
hadde skove.

4. Ein har nytta mykje skav til krötefor her – serleg för. Kallar det skav eller beit. För var det rekna for regulart for, ikkje no. Ein mann sat og skov om vinteren mest dagstött der dei hadde ein större buskap. Krötera skulle ha minst eit mål skav til dagen. No er det berre hjelpefor i sers vanskelege år.

5. Ein nytta raun, osp, hegg, björk, eik, ask, og i gamal tid og svartör. Gjævast var raun og ask.

6. Ein kjenner ikkje ordet skav nytta om noko sert treslag.

7 Skav av alm er like god som både höy og halm.

Eik gjer kua veik.

Raun den håse löyser kua av båse.

Selja sveltar, vieren velter.

Osp legg smör i trösk.

Hegg legg merg i legg.

Or gjer kua stör.

Lind gjer kua blind.

8. Kua fekk skav. Sauen fekk beit (bjorkeris) og lyng. Dei fekk det heile vinteren. Dei fekk skavet for seg sjölv. Dei lika ikkje så godt skav av ör.

9. Ein rekna ikkje med at kyrne gav meir eller betre mjölk for om at ein brukte skav, det var berre for å dryga foret.

10. Ein drog helst eins erend etter skav.

3001

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

3

11.
Ein kalla det at ein drog etter skav, å dra på morkaskog.

12. Veden ein henta, kalla ein mork, men etter at dei hadde skove borken, kalla ein veden skjevlar.

13. Å marka tyder her å henta skavved.

14. Dei henta skav etter kvart det trongst. Ein kjenner ikkje her den skikken å henta skav langfredag.

15. Dei heldt helst til i stova eller kjøkenet når dei skov.

16. Ein nytta skavljå (ein halvsliten stutt-orvljå) til å skava med. Det var handtak berre i eine enden, ein tulla berre ei fille om den andre enden. Ein heldt desse tynsletjåane for mataste skavereiskapen.

17.
Dei sette ein staur frå golvet opp til ein takbjelke. Så heldt dei ljåen med barken mot staûren og førde så morken mot ljåeggen. Stime tider spikra dei ei fjøl fast i eine sengestolpen til støtte for ljåen.

18. Ein kjenner ikkje ordet skavhal her.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

3001

19. Når dei skjev, set dei på ein krakk, held skavljåen mot stonga med vinstre hand og fører skavkjeppen med högre.

20. Ein kallar veden skjevl-fleirtal skjevlar.

21. Sjölve borken kallar ein skav, dei små borkbitane kalla ein skavblad - fl. skavblokker.

22 Både store og små tre tek ein skav av. Veden er lenger enn vanleg brennevid, omlag 1 m.

23. Kjeppane som ein har skåve, kallar ein skjevlar, (eintal skjevedl- fl. skjevlar. Ein hadde ikkje ulike namn etter tjukkleiken.

24. Skavet skal helst vera tunt - berre sjölve borken. Sume vart sers flinke til å skava.

25. Veden vart mykje nytta til bakstre-ved når det var turre kjeppar.

26. Sume nyttar endå litt skav, men det vert meir og meir avlegs.

3001

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING